

Rapport frå Språkrådet

Under denne vignetten vil språkrådsrepresentantane våre, Helge Sandøy og Geirr Wiggen, orientere om aktuelle saker i Språkrådet. Sandøy sit i år i fagnemnda, Wiggen er leiar for rådet. Dei kjem til å alternere i dei kommande nummera av bladet.

Kjønnen på ord — eit problem

av Helge Sandøy

Heime hadde vi ei herme etter ein gut som hadde lært seg å snakke på Nordmøre: «Stæl ei æppel te mæ å, da.» Det hadde neppe blitt noe å herme viss ikkje *eple* hadde vore hokjønnsord i denne dialektten. Og eit slikt særmerke på naboane våre utnytta sjølvstags vi romsdalingar.

I norsk fins det ein del variasjon i kjønnen på ord. (Heretter blir 'kjønnen på ord' kalla *genus*.) Olav T. Beito har studert dette, og i boka si *Genusskifte i nynorsk* (1954) behandlar han om lag 3000 ord som har ulik *genus* i norske dialektar. Det høres mye ut, men det er svært mange av desse orda som kan seias å ikkje høre til allmennspråket i dag. Skulle vi skaffa oss eit presist bilde av *genus*variasjonen i norsk i dag, måtte vi sett nærare både på den faktiske geografiske utbreiinga og på om variasjonen gjeld allmenne ord eller lokale spesialord.

I skriftnormeringa er *genus*fastsettinga eit interessant spørsmål. Det er alt tatt ein del omsyn til variasjonen i dialektane, slik at vi kan skrive både *lampa* og *lampen*, og både *greipa*, *greipen* og *greipet* i bestemt form eintal. Men ein kan ikkje skrive *skola* for *skolen*, enda det er ei svært utbreidd form nordom Dovre. At ord har annen *genus* i skriftmålet enn i talemålet, opplever mange som eit problem, og dei ønskjer seg større valfridom. På andre sida har vi dei som synes det er eit plagsamt problem med all valfridommen i skrift; vi har meir enn nok av han allereie.

Problemet

Vi rører ved kjente problem i norsk skriftnormering: 1) forholdet mellom talemål og skriftmål, og 2)

spørsmålet om trong eller vid skriftnormal. Vi kan kombinere dei to aspekta i motsetninga *talevariasjon og skriftstandard*.

Noe mål på kor stort dette *genus*problemet er for skriftmålsbrukarane, har vi ikkje. Men normeringspolitisk, dvs. i Språkrådet, dukkar det stadig opp, enten fordi ein skal normere ikkje-normerte ord, eller fordi det blir reagert på urimelige *genus*-fastsettingar i skriftmåla våre. For vel eit år sia tok leiaren i Norsk språkråd, Tove Bull, opp spørsmålet på årsmøtet i nynorskseksjonen. Eine ankepunktet hennes var at vedtaka om *genus* blir gjort altfor tilfeldig. Ho foreslo at ein kunne la *genus*bruken vere fri — det skulle det opplystas om i føreordet i ordbøkene — og så skulle ordbøkene føre opp bare ein *genus* på kvart ord.

Prinsipp- eller slumpnormering?

Ein kan ikkje sjå bort frå at normeringa er prega av slump, dvs. av kva dialektar som er representert i fagnemnd og nynorskseksjon akkurat når ei sak er oppe, og av at det ikkje fins noen overordna omsyn som går igjen ved behandlinga av dei ymse enkelttilfella. Det kan kanskje gjelde andre spørsmål enn *genus* og. Normeringspolitisk er dette noe av det mest fundamentale: Skal vi prøve å etablere eksplisitte generelle prinsipp for normeringa, eller skal vi avgjøre spørsmåla på skjønn frå gong til gong? Det vil nok raskt dukke opp usemje om dette enkelte spørsmålet. For meg står det klart at einaste utvegen er å komme fram til prinsipp. Dei kan vi få ein strukturert diskusjon om, og ein veit kva ein er einig

og ueinig om. Viktig er det òg at prinsipp kan forbedras. Slumpen kan prinsipielt ikkje forbedras!

Politiske og lingvistiske prinsipp

Normeringsprinsippa må vere fundert i overordna politiske og språklige prinsipp. Det språklige (eller lingvistiske) spørsmålet må vere om fenomenet (her: genus) gjeld strukturen (grammatikken) i språket eller bare enkeltord. Dersom ein godtar premissen om avgrensa valfridom i skriftstandarden (i forhold til dialektane), er det eit rimelig prinsipp at avgrensingane må vere strengare når det gjeld grammatikken, enn når det gjeld enkeltfenomen.

Politisk blir normeringssaker gjerne eit spørsmål om korleis vi skal praktisere det *demokratiske prinsippet*, som er fundamentalt for nynorsken, og som burde vere det for bokmål òg. Det demokratiske prinsippet har to aspekt: 1) rettar for store og småe grupper av folket, og 2) vern mot presset frå det som fungerer som overklassespråket ('svake mot sterke').

Genus er både eit strukturfenomen og eit enkeltfenomen i norsk. Nesten alle dialektane i Norge har tre genus i substantivbøyinga. På ein måte er ikkje dette systemet så viktig, for det er få ord som har ulik tyding etter kva genus det er i. Vi har eitt godt eksempel på kva eg her siktar til: *råd* fins i alle tre genusa, og det har tre ulike innhald: *ei god råd, ein (stats)råd, eit (stats)råd*. Slike tilfelle er det ikkje mange av, og ein kunne altså argumentere for å slakke på det lingvistiske prinsippet ovafor, for språket ville fungere med to genus òg. Bokmålet er jo på ein glideskala mellom to og tre genus. Men sosialt er forskjellen på eit to-genus- og eit tre-genus-system viktig i Norge, for første systemet er eit kjennemerke på prestisjespråket. Ut ifrå eit demokratisk prinsipp må vi verne oss mot prestisjespråket, elles går det som i bokmålet der to-genus-systemet i praksis dominerer.

Politisk er det altså prinsipielt umulig å opne for fridom for eit to-genus-system i nynorsk.

Men kva genus ein bruker på kvart enkelt ord, er ei anna sak. Det er eit såkalla enkeltfenomen, som svært sjeldan fører til forvirring når det gjeld innhaldet i orda, og som det ikkje er knytt noen sosial prestisje til (så lenge ein praktiserer eit tre-genus-system). Her burde det altså vere eit område der ein kunne praktisere stor toleranse for variasjonen i dialektane, dvs. gi folk flest demokratiske rettar til skriftspråket.

Grenser for fridommen?

Det er interessant å legge merke til at framlegget om å føre opp bare ein genus på orda i ordlistene mens ein varslar i føreordet at det er full fridom, vinn størst hugnad hos dei som er ivrige etter å gjøre normalen ttrongare. Eg trur at ein slik måte å løyse genus-normeringa på ville ha motsett verknad av det som var formålet. Det kjem av at formuleringar i eit føreord ikkje har noen status i normeringssystemet vårt. Rettskrivingssystemet vårt er bygd opp av ein læreboknormal + klammeformer. Og det er det. Og det fungerer etter måten bra.

Ei praktisk ulempe med «full fridom» i genus-bruken ville dessutan vere at ein vanskelig kunne

stoppe presset frå eit to-genus-system, for når ein skulle rette skriftlige arbeid, ville ein ha problem med å skilje resultat av dette presset frå genuine dialektformer.

Her som mangstad elles er ein styrt fridom betre enn full liberalisme. Og da er spørsmålet: Korleis kan vi konkretisere (på fint: *operasjonalisere*) eit demokratisk prinsipp for dette genus-problemet? Eg dristar meg til å formulere eit framlegg: *Genus som har minst 50% utbreiing innafor minst tre fylke, blir godkjent i nynorsk skriftmål. Dialektar med felleskjønn kan bare brukas som argument for å kategorisere ord som nøytrum.*

Utbreiing blir altså eit viktig kriterium. Talet 'tre' er sjølvstilt tilfeldig, og er her mest meint til utprøving. Eg trur framlegget mitt er *presist nok* til å komme bort ifrå slumpvedtak, og det er *upresist nok* til å kunne brukas i praktisk normeringsarbeid utan å måtte pålegge normeringsorganet uoverkommelig feltarbeid.

Konsekvensane av dette framlegget blir neppe store for nynorsken. Noen ord må tillatas med fleire genus; det vil trulig gjelde f.eks. ordet *skole*. Men eg tvilar på at det blir noen flom av rettskrivingsendringar. Ein rask kik i avhandlinga åt Beito tyder ikkje på det. Kanskje det endatil ville bli eksisterande val som måtte gå ut? Den konsekvensen får vi bare ta.

Ein slik styrt valfridom kan vere ein måte å praktisere eit demokratisk prinsipp på. Det har vi jo ein viss tradisjon for i norsk. Denne fridommen gir fleire grupper rettar til språket, og han gir fleire skrivande nordmenn høve til å forme ut ei personlig språkform.

Men... Vi har altså det ståande motargumentet mot stor valfridom at han fører til forvirring hos elevane. Her har pedagogane aldri blitt einige, for mange pedagogar ser fordelar nettopp i at elevane får valfridom. Pedagogane blir kanskje aldri einige heller, for begge delar kan vere rette: Menneska har ulikt forhold til skriftmålet, somme ønskjer å bolte seg i valfridommen, andre treng eintydige forbilde — enten det er for å kjenne seg trygge eller for å ha ei språkform å gjømmе seg i. Til å løyse denne motsetninga er rettskrivingssystemet vårt «perfekt». Om vi ønskjer det, kan vi utnytte det i dette tilfellet òg ved å la den genusen fleirtalet av norsktalande bruker, vere hovudform, hin genusen eller hine genusa vere klammeformer. I dag er alle genusval del av læreboknormalen. Konsekvensen av eit slikt nytt prinsipp vil kanskje bli at hovudforma må vere *lampen*, og det må det heite i lærebøker og statsadministrasjon, men mindretalet får framleis lov å skrive *lampan* i meir personlige tekstar. Alle har dermed fått sitt.

Eg har ikkje tru på at dei retningslinjene eg har nemnt her for å løyse genus-spørsmålet, vil føre til noen gjennomgripande endring i nynorsken. Konsekvensane blir ikkje store. Språkrådet bør dermed kunne koste på seg å prøve ut eit meir konsekvent språkdemokrati på dette området. I nynorskseksjonen er det alt ein tradisjon for at utbreiing av eit språkdrag skal telje som eit tungtvegande argument. Ideelt burde det same kunne gjennomførast i bokmålet òg, men der er nok vegen lenger å gå.